

NotatDato: 02.10.2017
Arkivsak: 2017/15821-3
Saksbehandlar: heilars

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling, Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

World Cheese Awards (Oste-VM) til Bergen i 2018

Hanen ynskjer, i samarbeid med Norsk Gardsost og regionale partnarar, å arrangere World Cheese Awards 2018 i Bergen. Hanen er ein landsdekkjande næringsorganisasjon innan bygdeturisme, gardsmat og innlandsfiske. Hanen har 480 medlemsbedrifter i heile landet. I 2016 bestemte The Guild of Fine Foods, arrangørane av Worlds Cheese Awards, seg for at konkurransen skulle arrangerast annakvart år i Storbritannia og utlandet. Hanen kontakta The Guild of Fine Foods i 2016 med tanke på å arrangere meisterskapet i Norge. Bergen blei valt som arena grunna byen sitt medlemskap i UNESCO sitt nettverk for kreative byar som gastronomiby, utviklinga av HoReCa-marknaden i Bergen, byen som inngang til Fjord-Norge, samt utviklinga av lokalmatprodusentar i Hordaland og resten av Vestlandet. Hordaland har i dag fleire kjente osteprodusentar, mellom anna Ostegården og Myrdal Gard.

Hanen har presentert prosjektet for styringsgruppa for UNESCO gastronomiby og arrangert møter med Bergen kommune, Fylkesmannen i Hordaland sin landbruksavdeling og Hordaland fylkeskommune. Alle har stilt seg positive og ynskjer arrangementet velkommen.

Om alt går som planlagt skal World Cheese Awards_Bergen 2018 lanserast av Landbruks- og matministeren og ein offisiell representant frå regionen under World Cheese Awards i London november 2017.

Om World Cheese Awards

World Cheese Awards (WCA) blei etablert i 1987 og er blant verdas største ostekonkurransar. The Guild of Fine Foods er arrangør av konkurransen. The Guild of Fine Food er ei stifting som jobbar med å utvikling av lokalmatprodusentar. The Guild of Fine Food organiserer og gjennomfører den tekniske bedømminga av ca. 3000 ostar frå 30 land. Det er rundt 1500 produsentar som deltek i konkurransen. Bedømminga blir gjennomført av ca. 300 kompetente internasjonale dommarar.

I 2016 blei Tingvollost sin blåmuggost Kraftkar kåra til verdens beste ost under Worlds Cheese Awards (WCA) i San Sebastian. I tillegg blei Kraftkar kåra til vinner blant de 29 ostane som har vunne WCA sidan 1987

Måla med World Cheese Awards Bergen 2018

Hovudmålet for prosjektet er å realisere World Cheese Awards 2018 i Bergen. Samstundes er det sentralt for Hanen og dei regionale partnarane at arrangementet blir meir enn konkurransen. Dette skal gjerast gjennom delsatsinga Matlandet Norge. Gode rammer og forankring og synliggjøring ut mot andre satsingsområder er sentralt. Hanen tek sikte på å jobbe aktivt med Matarena og regionale partnarar og på den måten sikre gode synergiar med eksisterande matsatsingar.

Lokalmatprodusentar må kvalifisere seg for å delta på Matlandet Norge under World Cheese Awards. Dette gjerast gjennom søknad, og dei kvalifiserte må gjennomføra ein workshop over éin dag. Kvalifisering og workshop vil gjennomførast i samarbeid med mellom anna Bondens marked og Kompetansenavet Vest. WCA og Matlandet Norge vil synleggjere mulighetene som ligg i å utvikle eigen gard i forhold til lokalmatproduksjon.

Arrangementet skal bidra til å auke lokalbefolkninga si kjennskap til Bergens sitt medlemskap i UNESCO sitt nettverk for kreative byar som gastronomiby. Alle UNESCO gastronomiby vil bli invitert til å delta med ostar og andre mat- og drikkeprodukt frå eigne regionar og presentere desse under Matlandet Norge.

Arrangementet skal bidra til å styrke bandet mellom mat og reiseliv i Bergen og Hordaland ved å synleggjere produsentane overfor aktørar i reiselivsnæringa.

Arrangementet skal bidra til å skape positivt omdømme knytt til arbeid i restaurant- og serveringsbransjen og auke rekrutteringa. Elevar og lærlingar kan for eksempel involverast i festmiddagen for dommarane på finaldagen.

Finansiering av prosjektet

Totoalt budsjettet i arrangement er satt til 4, 4 millionar. Arrangement har fått inn 1,3 millionar i sponsor inntekter. Bergen kommune, Fylkesmannen i Hordaland sin landbruksavdeling og Hordaland fylkeskommunen, stiller til saman med ein million. Hordaland fylkeskommune har gitt tilsegn på 350 000kr over Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland. Innovasjon Norge har støtta forprosjekt med 400 000kr. Hanen er i dialog med Landbruks- og matdepartement om resterende finansiering.